

Markane Skyttarlag



Årsmelding 2002

Styret

Styre i 2002 har vore samansett av Gunnar Øen, Haldor Hove, Einar Øen, Andreas Solvik, Aslak Sætren, Kai Nyhamer og Jarle Tvinnereim (**vara** for Aslak).

Der har vore 9 styremøter der det har vore handsama tilSAMAN 37 saker.

Medlemstalet er på 62 personar.

Anlegg

Vi har etterkvart eit godt utrusta anlegg med 5 elektroniske skiver på 100m og 8 skiver på 200m. Totalt har vi 10 monitorar og 2 serverar. På 100m har vi i år bygd kommando bu tilsvarende den på 200m, for standplassleiar og elektronikkutstyr. Dette har vore ei god investering., og har spart både folk og utstyr for mykje flytting fram og tilbake. På denne måten kan vi ha utstyret fast oppkopla til ei kvar tid.

Frå Sparebanken Sogn og Fjordane har vi fått 2 brukte datamaskiner. Totalt har vi 5 maskiner til avvikling av stemner. Ei på kvar standplass, 2 for publikum og ei til kontor. Vi har også kjøpt inn nye program til stemnestyring, resultat og publikumsvising. Desse har fungert fint, og letta arbeidet med stemneavvikling ein heil del. Publikumsprogrammet er ei stor forbetring frå det gamle. No kan vi vise alle skivene samtidig på storskerm, og vi får vising av kvar treff , samt namn og klasse på skyttarane.

Arrangement/aktivitet

Aktiviteten og bruken av skytebana har vore høg også i år. Anlegget vert nytta av mange til forskjellige aktivitetar og føremål.

- Miniatyrsesongen starta i desember i Stryn Kulturhus og lagsmeisterskap vart avvikla 20. mars der Jarle Tvinnereim vart lagsmeister med 241 poeng føre Andreas Solvik 237 og Kai Nyhamer 234.
- 3. og 10. april Barneidrettsskulen har miniatyrskyting i Stryn kulturhus.
- 2. mai treningscup elektronikk 200m (5 kveldar) Vinnar vart Ole Arild Aa frå Hyen
- 3.-5 mai. Vårstemnet med 147 deltakarar og vinnar var Ivar Fivelstad frå Sunnylven med 344 p.
- 10. mai JegerCup (6 kveldar) Vinnar i Klasse A vart Andreas Solvik med 449 poeng av 450 moglege og Karl Einar Svor i klasse B etter omskyting med Einar Bjørn Taraldset.
- 20. mai Bilbingoen blir starta med totalt 15 arrangement med godt frammøte og overskot.
- 26. mai Skytingens dag. Thore Heggen vart Årets jeger med fullt hus og 100 poeng. Årets jaktlag vart Honndalsætra. Vendefigur vart vunne av Oddvin Bøe med 44 poeng.
- 15. juni Stryn og Hornindal Jeger og Fisk har open dag på skytebana for barn og unge.
- 26.-28. juli Olsokstemnet. God deltaking, med 223 skyttarar. Vinnar vart Arnfinn Bakkevold frå Søgne med 394 poeng.
- 2.-4 august Storpurlelaje har MC-treff med stor suksess.
- 24. august til NordfjordCup finale. Markane slår Hyen etter spennande omskyting og gjekk vidare fylkesfinalen der vi endar som nummer 3.
- 1. september Lagsmeisterskap. Jarle Tvinnereim er ikkje god å hamle opp med, og dreg iland sigeren med 341 poeng.

Det har også i år vore arrangert 5 gongar med jaktprovøe i tillegg til Skytingens dag.

Side 1

Markane Skyttarlag 6763 HORNINDAL

Tlf: 57877999

Bank: 3795 07 02401

E-post: markane@skyttarlag.no

Tlf: 57879268 / 95259939 (Mob)

Formann: Kai Nyhamer, 6763 HORNINDAL

Tlf: 57879236 / 41550848 (Mob)

Kasserar: Einar Øen, 6763 HORNINDAL

Markane Skyttarlag



Sportsleg

Skyttarane i laget har i år delteke på mange stemner rundt om i landet. Frå Trøndelag i nord til Vestfold i sør. Jarle Tvinnereim har delteke på flest stemner med tilsaman 25 banestemner. Han har også hevda seg langt framme med stemnesiger på miniatyrstemne på Bjørke og på 200m i Sunnylven. Elles har dei fleste hatt moderat til god framgang. Til neste år får vi ei dobling av skyttarar i klasse 5. Frå 2 til 4 skyttarar. Kari-Bente Nordheim har vist stor iver og framgong som fystegongsskyttar i klasse 1. Eit eksempel til etterfølging.

Olsokstemnet

Olsokstemnet hadde i år ein auke frå 220 til 223 deltagarar. Mykje god skyting vart vist, og best av alle var Arnfinn Bakkevold frå Søgne som sette ny banerekord med 394 poeng. Den gamle rekorden var på 392 poeng. Største auke i antal deltagarar har det vore på 100m siste åra, der høgste poengsum var 350 poeng og fullt hus. Tomas Strand frå Dale stod for denne prestasjonen i klasse eldre rekrutt.

Lagskytinga vart vunne av Sunnylven med 431 poeng og Hyen vann Sparebankpokalen til eige på plassifferpoeng etter 5 år. Ny pokal om Lagskytinga vart sett opp med Sparebanken Sogn og Fjordane som sponsor. Ole Arild Aa frå Hyen vann olsokskytinga med 148 poeng.

Landsskyttarstemnet

Markane hadde i år 7 deltagarar på landsskyttarstemnet på Ulven i Os. Resultata var noko varierande, men i motsetning til fjordåret, kan ein vanskeleg skulde på været. Om nedbør og vind var ei utfordring for arrangøren i Bodø, var mykje sol og varme med på å skape problem for elektronikken i år. Resultatmessig klarte to av skyttarane å noterte seg med personleg rekord. Kari-Bente Nordheim med 222 poeng i klasse 1. og Kai Nyhammer med 239 poeng i klasse 4 og plass i finalen. Jarle Tvinnereim var eit treff frå deltaking i Stang finalen med 22 treff.

Samlagstemne

Samlagstemne var i år arrangert på Tua der Jarle Tvinnereim vart nummer 4 og Gunnar Øen nummer 5 etter omskyting. Grunnlagskytinga vart vunne av Hyen 2 poeng føre Markane. Med på Markane sitt lag var Andreas Solvik, Kai Nyhammer, Gunnar Øen og Jarle Tvinnereim. Kari-Bente Nordheim vann presskytinga i kl. 1. Andreas Solvik vart nummer 2 på Stang finalen.

Økonomisk

Bingoen

Bingoen er framleis vår største inntektskjelde, og det vart også i år eit fint overskot. Bortsett frå eit par problem, gjekk det meste forholdsvis smertefritt arrangementsmessig. Eit av problema var klage på for dårlig lyd, og dette vil vi prøve å gjøre noko med til neste sesong. Tusen takk til alle som er med og støttar opp om arrangementet.

Investeringar

For at anlegget skal bli "fullt" utbygd og at vi kan stå på "eigne føter", treng vi gjennomføre følgjande investeringar i framtida:

- 6 monitorar
- 3 skiver med tilhøyrande utstyr.
- Nytt høgtalaranlegg

Side 2

Markane Skyttarlag 6763 HORNINDAL

Tlf: 57877999

Bank: 3795 07 02401

E-post: markane@skytterlag.no

Formann: Kai Nyhammer, 6763 HORNINDAL

Tlf: 57879268 / 95259939 (Mob)

Kasserar: Einar Øen, 6763 HORNINDAL

Tlf: 57879236 / 41550848 (Mob)

Markane Skyttarlag



Rekruttering

Vi har i år så smått byrja å konsentrere oss litt meir om rekruttering. I lag med Barneidrettskulen i Stryn og Markane har vi hatt nokre kveldar med både innandørsskyting og utandørsskyting for dei aller yngste. Det er tydeleg at skyting er noko som fengjer. Her lyt vi prøve å følgje opp vidare. Vi bør prøve å få til ei rekruttsamling eller fleire, der vi kan få med kjende skyttarar og instruktørar som kan vere med å inspirere. Vi får håpe ungdomsutvalet kan få tak i dei resursar som er naudsynt for slike tiltak. Skal vi eksistere som skyttarlag i framtida, må nokon føre tradisjonane vidare.

Framtidsplanar

Til våren har vi fått tildelt opninga av Noregs Cupen i skyting saman med Eidsbygda og Stryn Skyttarlag. Tidspunktet er lagt til 30.-1. juni 2003. Dette er eit prestisjefyldt arrangement med fleire hundre deltakarar og det vil dukke opp eliteskyttarar frå heile landet. Vi satsar alt på at dette skal bli eit vellukka stemne både sportsleg og arrangemangsmessig.

Til slutt gjenstår det berre å takke alle som har vore med å støtta oss i år, og ynskje vel møtt til ein ny sesong.

Helsing

Kai Nyhammer
-formann-